



DET HUMANISTISKE FAKULTET

STRATEGI 2012 - 2015

Diskusjonsnotat til seminar med fakultetsstyret og leiargruppa 11.10.2011

Innhald

Innleiing	2
Forskning.....	3
Mål	3
Organisering	3
Internasjonalisering	3
Finansiering.....	4
Utdanning	4
Bachelor- og masternivå.....	4
Mål	4
Organisering	5
Internasjonalisering	5
Finansiering.....	5
Forskarutdanning.....	5
Mål	5
Organisering	6
Internasjonalisering	6
Finansiering.....	6
Utøvande musikkutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid ved Griegakademiet.....	6
Mål	7
Organisering	7
Finansiering.....	7
Formidling.....	7
Likestilling og rekruttering.....	7
Administrasjon og arbeidsmiljø	8

Innleiing

Dette strategidokumentet er forankra i Universitetet i Bergen sin strategi 2011-2015 og fastlegg dei overordna måla for Det humanistiske fakultet fram til 2015. Strategien skal vere retningsgjevande og gje rammer for verksemda ved grunneiningane ved fakultetet, og dei lokale strategiane skal vere forankra i fakultetsstrategien. Fakultetsstrategien skal med andre ord først og fremst vere eit rammedokument som kvar einskild grunneining må fylle ut gjennom eigne strategidokument. Samstundes skal dokumentet formidle fakultetet sine mål, eigenart og kjerneverdier til resten av Universitetet i Bergen og til utomverda.

Humaniora sitt studieobjekt er menneskeleg kultur og erfaring, tolka i eit historisk så vel som samtidig perspektiv. I tillegg kjem språket, som er den viktigaste føresetnaden for både kultur og det å ta vare på og studere kultur og erfaring. Dette gjer humaniora til noko meir enn eit sett underdisiplinar med eigne, veldefinerte studieobjekt. Alle fag som studerer mennesket som åndeleg, sosialt og biologisk vesen og ulike aspekt ved menneskelege samfunn og omgjevnader, bør gje rom for eit humanistisk perspektiv om resultata skal bli optimale og få langsiktig verdi for samfunnet.

I tråd med universitetsstrategien skal det overordna prinsippet for all verksemd ved fakultetet vere kvalitet. Kvalitet skal styre fakultetet og institutta/sentra sine forskingsstrategiar. Dette inneber at gode og konkurransedyktige miljø må gjevast best mogleg arbeidsvilkår. Samstundes skal alle miljø ved fakultetet få vilkår til å hevde seg i konkurransen om forskingsressursar.

Kvalitet kan vere vanskeleg å definere og omsette i fulldekkjande, operasjonaliserbare mål. Kvalitet som overordna rettesnor for forskning, utdanning og formidling er likevel ein nødvendig føresetnad for at fakultetet skal kunne hevde seg nasjonalt og internasjonalt som ein attraktiv arbeidsplass og som ein attraktiv studiestad for norske og internasjonale studentar. Dette betyr at kvalitetsidealet også må liggje til grunn for arbeid med arbeidsmiljø og administrasjon, med utvikling av dei fysiske omgjevnadene og med arbeid for likestilling og inkludering. Kvalitet kan ikkje vedtakast. Kvalitet må vere ein integrert del av kvar einskild tilsett sitt faglege og profesjonelle etos om fakultetet skal lukkast.

Kvalitet er ein relativ, og ikkje ein absolutt og fullt ut målbar storleik. Vi har ulike mål som kan knytast til kvalitet, som t.d. karakternivå, programsensorvurderingar, publikasjonspoeng, nasjonale og internasjonale fagevalueringar, etc., men ikkje noko totalmål. I tillegg er desse målestokkane berre symptom på djupare og meir grunnleggjande eigenskapar som er føresetnader for kvalitet, som t.d. vilje til å halde seg fagleg og pedagogisk oppdatert, ambisjonar om heile tida å strekkje seg lenger, tenkje nytt og tru på at ein har noko å bidra med. Dette er grunnleggjande føresetnader for at kvaliteten på det vi gjer skal bli høgst mogleg.

Institutta har det operative ansvaret for basisverksemda innan undervisning, forskning og formidling både fagleg og administrativt. For at dette ansvaret skal bli reelt, må også så mykje som mogleg av ressursane overførast til grunneiningane. Fakultetet skal vere eit nivå med koordinerande og strategiske funksjonar. Dette inneber at fakultetet og fakultetsstyret si

hovudrolle skal vere å leggje overordna faglege og administrative mål og rammer for verksemda.

Forsking

Mål

Kvalitet som målestokk: Hovudmengda av forskinga ved fakultetet er grunnforskning. Dette, kopla med forskingsfridomen til dei tilsette, tilseier at kvalitet skal prioriterast uavhengig av disiplin og forskingstema. Kvalitet skal målast gjennom allment aksepterte kriterium som publisering, master- og doktorgradsproduksjon og innhenting av forskingsfinansiering nasjonalt og internasjonalt.

Forskningsressurs i alle vitenskaplege stillingar: Fakultetet skal arbeide for at alle som er tilsett i vitenskaplege stillingar og driv forskingsbasert undervisning, skal ha normal forskningsressurs i stillinga.

Ekstern forskingsfinansiering: Forskinga ved universiteta blir stadig meir avhengig av ekstern finansiering. Fakultetet har vore inne i ei god utvikling dei siste åra, og det skal vere eit mål at denne held fram i åra som kjem.

Tverrfagleg forskning: Eksterne finansieringskjelder legg i dag vekt på at store prosjekt er tverrfaglege. Fakultet og grunneiningar skal leggje til rette for utvikling av tverrfaglege forskingsmiljø ved fakultetet, og ikkje minst å vidareutvikle dei miljøa vi har i dag, m.a. Midtausten, antikken og mellomalderstudium. Samstundes inneber forskingsfridomen til dei tilsette at det òg skal vere rom for reint disiplinbasert forskning.

Bibliotek og forskningsressursar: Fakultetet skal vidareføre samarbeidet med Universitetsbiblioteket om digitalisering og om å gjere forskingsarkiva ved fakultetet best mogleg tilgjengelege.

Organisering

For å nå måla definert ovanfor, er det viktig å utvikle mest mogleg robuste forskingsmiljø. Dette kan best gjerast gjennom vidareutvikling av forskargruppestrukturen ved institutta der ein og tek omsyn til at individuelt basert forskning bør ha gode kår der den fyller kvalitetskrava vist til ovanfor. Kvart institutt skal difor i sine strategidokument innarbeide ein plan for korleis dette kan skje.

Styrking av forskingsadministrativ kompetanse vil vere viktig fram mot 2015.

Internasjonalisering

Kvaliteten på eit forskingsmiljø avheng også av i kva grad det tek aktivt del i gode internasjonale (og nasjonale) nettverk. Også internasjonal publisering er ein viktig kvalitetsindikator for dei fleste miljøa. Internasjonalisering må difor leggjast inn som eitt av kvalitetskriteria nemnd under *Mål* ovanfor.

Finansiering

Forskinga ved fakultetet blir finansiert dels internt gjennom den forskarressursen som er lagd til kvar stilling og gjennom dei driftsmidla fakultet og institutt/senter til einkvar tid kan stille til rådvelde, dels gjennom ekstern finansiering (sjå ovanfor). Skal dei interne ressursane bli brukt optimalt, og måla formulert under Mål og Organisering ovanfor nåast, må dei i større grad enn i dag kanaliseras til forskingsmiljø i staden for å bli delte ut som personlege belønningsmidlar. Det overordna prinsippet er at dei miljøa som lykkast med forkinga si målt etter kvalitetskriteria vist til ovanfor, må få best mogleg finansielt armslag. I tillegg til at grunneiningane skal finansiere naudsynt reiseverksemd og mindre driftskostnader både for forskargruppene og for den einkilde forskar, skal driftsmidlane som dei kvart år får stilt til rådvelde i størst mogleg grad brukast som såkornmidlar, t.d. knytt til søknader om større, eksternfinansierte prosjekt og til utvikling av forskargrupper, nye forkingstema etc.

Utdanning

Fakultetet har som hovudmålsetjing å tilby forskingsbasert undervisning på høgt nivå. Å betre kvaliteten på utdanninga må vera ein kontinuerleg prosess i alle fag.

Bachelor- og masternivå

Bachelorgraden bør styrkjast med tanke på at den formelt og reelt er ei endeleg utdanning, men også ved at ein legg større vekt på sjølvstendig forking (t.d. i bacheloroppgåva) for at graden og kan fungera rekrutterande til mastergradsstudia.

Mål

Fagutvikling og -dimensjonering: I bemanningsplanen, budsjettet og utdanningsmeldinga som kvart år blir lagt fram for fakultetsstyret, skal det vurderast om det er behov for etablering av nye fag og studieprogram og om det er fag som bør fasast ut eller integreras i andre fag ved fakultetet for å gi rom for dette. Etter- og vidareutdanning er viktig for fakultetet og skal sjåast i samanheng med det ordinære utdanningstilbodet.

Fram til 2015 skal utvikling av studietilbod i austasiatiske språk prioriterast. Utbygging av japansk til eit forsvarleg nivå bør finansierast innanfor ramma, medan utbygging av mandarinkinesisk krev tilførsel av nye, fullfinansierte studieplassar.

Arbeidslivsrelevans: Studietilboda skal vere mest mogleg arbeidslivsrelevante. Dette betyr at vi i tillegg til utvikling av solid forskingsbasert fagkompetanse må leggje vekt på at kompetansen skal vere nyttig i arbeidslivet. Vi må difor også leggje vekt på å utvikle generell kompetanse, gjere studentane trygge på at dei har slik kompetanse og å gjere arbeidsgjevarar merksame både på at slik kompetanse finst og er verdfull for ein arbeidsgjevar.

Lærarutdanning: Struktura i lærarutdanninga ved fakultetet må forenklast med sikte på betre integrasjon mellom påbyggingsmodellen og den integrerte utdanninga. Fakultetet vil arbeide for ein modell der praksis og fagstudium i større grad enn i dag er lagde til ulike semester.

Digitale undervisningsressursar: Fakultetet vil støtte og ta del i utvikling av digitale undervisningsressursar der desse vil innebere ei reell forbetring av læringsprosessen.

Sikre og utvikle danningsaspektet i utdanninga: Fakultetet skal ta initiativet til ein gjennomgang av undervisningstilbodet ved førstesemesterstudia og dei ulike bachelor- og masterprogramma for å få meir kunnskap om korleis universitetet sine danningsmål kan følgjast opp.

Organisering

Det vil ikkje vere rom for konsolidering og utbygging av utsette fag innanfor fakultetet si ordinære ramme ut over det bemanningsplanen gir rom for. Arbeidet med å utvikle nasjonalt samarbeid med sikte på auka arbeidsdeling og konsentrasjon skal halde fram. Det same gjeld dialogen med universitetsleiinga om sikring av små fag som er universitetspolitisk viktige.

Fakultetet skal prioritere arbeid for å minske fråfall og auke gjennomstrømming. Arbeidet skal starte med ei grundig kartlegging av fråfallsmønster- og årsaker.

Det skal utviklast fleire praksisemne. Eit godt alumnusnettverk er eit anna verkemiddel som fakultetet må satse på. Vi tek også sikte på å få finansiert ei djuptgåande arbeidslivsundersøking retta mot kandidatar med humanistisk grad.

Internasjonalisering

Lærer- og studentutveksling skal i større grad enn i dag skje med eit fåtal utanlandske universitet vi har god kjennskap til og god kontakt med. Forskarutveksling til dei same universiteta er viktig for at samarbeidet skal bli best mogleg.

For å sikre eit best mogleg tilbod til innreisande studentar, skal tilhøvet mellom undervisning på norsk og engelsk greiast ut med sikte på å finne ein best mogleg balanse mellom omsynet til denne gruppa og språkpolitiske omsyn forankra i UiB sin språkpolitikk.

Finansiering

Emnetilbodet innanfor kvart studieprogram skal i størst mogleg grad avpassast til dei faste undervisningsressursane faget rår over. Fast tilbod skal ikkje finansierast gjennom midlertidige tilsettingar.

Det skal ikkje setjast i gang nye studietilbod utan at det kan knytast fast studieplassfinansiering til dei. Dette kan anten skje gjennom tilføring av nye studieplassar utanfrå, eller ved intern omdisponering, jf. første avsnitt under *Satsingsområde* ovanfor.

Forskarutdanning

Mål

Kvalitet i forskarutdanninga: Forskarutdanninga skal bidra til rekruttering, og samstundes bidra til å vidareføre og vidareutvikle forskinga innanfor ein disiplin. I tillegg vil doktorgrads- og postdoktorstipend ofte utgjere institusjonen sitt eige bidrag inn i eksternfinansierte prosjekt. Dette må ein ta omsyn til når grunneiningane fordeler dei heimlane dei rår over. Skal vi ta alvorleg at forskarutdanning er utdanning, må vi leggje større vekt på kvaliteten på miljøa stipendiatane blir ein del av. Det same gjeld rettleiing. Dette inneber ei tilsvarande

nedgradering av den individuelle prosjektkvaliteten som *avgjerande* kriterium, sjølv om kvalitetskravet skal gjelde uavkorta her òg.

Organisering

Hovudansvaret for forskarutdanninga skal leggjast til forskargrupper og institutt/senter: Mest mogleg av det faglege ansvaret og driftsansvaret for forskarutdanninga skal leggjast til grunneiningane og forskingsmiljøa. Dette vil omfatte at ansvaret for oppfølging i form av midtvegsevaluering, rapportering, medarbeidarsamtaler m.m. er delegert til grunneiningane, og også at grunneiningane har ansvar for i kva grad og på kva måte det bør organiserast forskarskular lokalt, regionalt eller nasjonalt som supplement til kandidatane sitt lokale fagmiljø.

Alle forskarutdanningskandidatar skal vere del av eit aktivt forskingsmiljø: Eit nødvendig vilkår for best mogleg kvalitet i forskarutdanninga og eit overordna mål for fakultetet, er at vi klarer å integrere kandidatane i aktive og gode fagmiljø som også rettleiar er ein del av. Dette må gjelde alle kandidatane knytte til fakultetet, anten dei er tilsette i departementsheimlar eller i eksternt finansierte prosjekt. Så langt som mogleg må det òg gjelde vitskapeleg tilsette ved andre institusjonar som sjølv ikkje har rett til å tildele doktorgrad, og som difor er tekne opp på vårt program.

Internasjonalisering

Så mange som mogleg av stipendiatane bør leggje inn eit utanlandsopphald i stipendperioden. Rettleiar skal saman med institutt- og senterleining og det forskingsmiljøet kandidaten tilhøyrer, ha ansvaret for at dette skjer.

Finansiering

Så sant dette ikkje kjem i konflikt med dei overordna prosjektmåla, bør søknader om eksternt finansiering prioritere doktorgrads- og/eller postdoktorstipend framfor frikjøp frå undervisning av fast tilsette forskarar.

For å sikre finansiering av utanlandsopphald, skal det vere eit krav at opphaldet eller opphalda er tekne med i søknaden om stipend. Når det gjeld eksternt finansierte stipend, må slike kostnader takast med i prosjektfinansieringa. Her har fakultetet ei utfordring når det gjeld stipend knytte til kunstnarleg utviklingsarbeid, som inneber mykje høgare driftskostnader enn stipend knytte til ordinær forskarutdanning.

Utøvande musikkutdanning og kunstnarleg utviklingsarbeid ved Griegakademiet

Forsking og kunstnarleg utvikling er likestilte aktivitetar ved fakultetet. Den eksterne evalueringa av Griegakademiet i 2010 viste at finansieringa av musikkutdanninga ved Griegakademiet og det kunstnarlege utviklingsarbeidet som er knytt til denne, vanskeleg lar seg organisere og finansiere tilfredsstillande innanfor fakultetet sine ordinære rammer og

dagens fordelingsystem ved UiB. Dette gjer det naudsynt med eit eige avsnitt om dette i strategien.

Mål

Den utøvande musikkutdanninga og det kunstnarlege utviklingsarbeidet skal utviklast i nært samarbeid med den musikkvitskaplege verksemda ved instituttet, inkludert Senter for Griegforskning.

Organisering

Fakultetet skal i samarbeid med institutt- og universitetsleiinga arbeide for at aktivitetane ved Griegakademiet så snart som mogleg blir samla ved Nygård skule, slik at det potensialet som ligg her for samarbeid og samspel med musikklivet i Bergen kan realiserast.

Finansiering

Med utgangspunkt i forslaga frå evalueringskomiteen skal fakultetet arbeide for at utdanninga i utøvande musikk ved Griegakademiet får særfinansiering. Dette vil sikre utdanninga ressursar som gjer at ho/den blir likeverdig med den som blir gitt ved Musikkhøgskulen.

Inntil kunstnarleg utviklingsarbeid blir lagt inn i den resultatbaserte omfordelingsmodellen (RBO) på line med forskning, skal fakultetet arbeide for at det vert innført ei lokal ordning ved UiB der tildeling skjer frå Universitetsstyret og dermed utanfor fakultetet si normale budsjettramme.

Formidling

Styrke humaniora sin posisjon i samfunnet: Ei svært viktig rolle for fleire av dei humanistiske faga, som t.d. filosofi og vitskapsteori, er å vareta eit viktig aspekt ved universitetet sitt samfunnsoppdrag, nemleg å øve normativ og konstruktiv samfunnskritikk knytt til ulike sider av samfunnsutviklinga og offentleg debatt. Dette må skje gjennom dialog, både mellom dei ulike akademiske kulturane og mellom universitetet og samfunnet.

Etablere eit system som gir resultatbasert utteljing for formidlingsverksemd: Dei som bruker tid på og markerer seg med god forskingsformidling for allmenta, er med på å legitimere humanistisk forskning. Når resultatbaserte inntekter blir vidarefordelt innanfor grunneiningane, skal det takast omsyn til god formidlingsverksemd og ikkje berre til forskings- og undervisningsresultat.

Kvalitet og funksjonalitet på fakultetet sine nettsider: Fakultetet og grunneiningane sine nettsider skal vere oppdaterte, godt organiserte og prega av godt og presist språk. Utvikling og kvalitetssikring av nettsider på engelsk skal prioriterast fram mot 2015.

Likestilling og rekruttering

Likestilling

- Fakultetet vil føre vidare arbeidet for å betre kjønnsbalansen i toppstillingar ved å prioritere kvalifiseringsstipend til kvinnelege førsteamanuensar i fag der det i dag er for få kvinner.
- Ved utlysing av stillingar skal fagmiljøa vurdere om det finst interessante, kvinnelege søkjarar, nasjonalt og internasjonalt, som dei kan oppmode til å søkje stillinga. Dette skal òg gjelde postdoktorstillingar.
- Ved kalling til professor II-stillingar skal det alltid vurderast om det finst gode kandidatar av det underrepresenterte kjønnet dersom miljøet har skeiv kjønnsbalanse.
- Når det gjeld rekrutteringsstillingar, skal det vurderast å tilby kvinnelege stipendiatar og postdoktorar ein mentor, helst i toppstilling, som kan hjelpe dei med å avgjere om dei ønskjer å satse på ein akademisk karriere etter stipendperioden.

Rekruttering på grunnlag av opne utlysingar og konkurranse: Som hovudregel skal stillingar kunngjerast internasjonalt. Dersom ikkje balansen mellom topp- og mellomstillingar i fagmiljøet tilseier noko anna, skal stillingar i størst mogleg grad lysast ut som mellomstillingar, slik at yngre, nyutdanna forskarar kan søkje. Stillingar skal også lysast ut breitt, så sant ikkje andre omsyn tilseier ei meir spissa stillingsomtale.

Balanse mellom faglege og administrative stillingar: Forholdstalet skal også i åra som kjem vere om lag 80/20. Når ei administrativ stilling vert ledig, skal det før utlysing vurderast nøye kva for formal- og realkompetanse som blir kravd i stillinga for å fylle eventuelle nye oppgåver.

Administrasjon og arbeidsmiljø

Demokrati og medbestemningsrett: Alle tilsette og studentar skal oppleve at fakultetet har høg grad av respekt og inkludering. Det skal leggjast til rette for at studentar og tilsette i størst mogleg grad kan påverke eige arbeidsmiljø. Det skal vere lav terskel for å melde frå til næraste leiar om alle tilhøve som kan betrast, og alle skal kunne fremje open og sakleg formulert kritikk av institutt- og fakultetsleiing.

Økonomistyring: Avgjerder knytte til økonomi skal vere opne og tydelege som resultat av langsiktig planlegging. Grunneiningane skal ha størst mogleg fagleg og økonomisk handlingsrom. Fakultetsstyret skal likevel kvart år kunne avsette middel til overordna satsingar, t.d. for å fremje tverrfaglegheit ut over instituttnivået eller som avsetning til felles satsingar vedtekne av fakultetsstyret.

God og profesjonell administrasjon: Administrasjonen ved grunneiningar og fakultet skal vere profesjonell og synleg, byggje opp under den faglege verksemda på alle nivå og medverke til at styre, råd og utval har eit best mogleg grunnlag for å ta sine avgjerder. Eit overordna mål skal vere forenkling og omdisponering av ressursar for å møte endra behov.